

Saksbehandlar: Svein Hågård
Avdeling: Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/328-2

Førdepakken bomselskap AS - framlegg til styremedlem

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet gjer slikt framlegg om val til styret for Førdepakken bompengeselskap AS:

Representant:

Vararepresentant:

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Brev frå Førde kommune av 14.01.14.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

I sak 43/13 slutta fylkestinget seg til Førde kommune sin søknad om bruk av bompengar til delfinansiering av Førdepakken. Fylkestinget vedtok at fylkeskommunen stiller sjølvskuldnargaranti på 600 millionar kroner for lånegjelda i bompengeselskapet. Ein føresetnad for garantien er at fylkeskommunen får to styremedlemer i bompengeselskapet.

Førde kommune ber no om at fylkeskommunen snarast nemner opp to representantar, pluss personlege vararepresentantar, til styret.

2. Vurdering og konsekvensar

Som påpeika i FT-sak 43/13, finn fylkesrådmannen det naturleg at fylkeskommunen vert representert med éin politisk og éin administrativ representant i styret. Dette er i samsvar med kva som har vore praksisen i andre bompengeselskap fylkeskommunen har stilt lånegaranti for, som t.d. Fatlatunnelen AS og Høyanger-Gulen Bompengeselskap AS.

Fylkesrådmannen ber såleis fylkesutvalet gjere framlegg om éin representant og éin personleg vararepresentant til styret. Desse bør vere av kvart sitt kjønn, jf. vedlegg. Fylkesrådmannen vil tilpasse den administrative oppnemninga til den utpeiking som skjer på politisk side, dette for å bidra til ein god kjønnsbalanse i styret.

Generalforsamlinga i selskapet føretekk det formelle valet.